



Forsand skule

Referat frå møte i samarbeidsutvalet (SU) ved Forsand skule Måndag 26.02.18 kl 18.00-19.00

Til stades:

Gunleif Haukelid
Anne Lansom
Marit Oaland Guse
Ellen S. Barka
Liv Kristin Eggen
Haakon S. Meyer
Aina Espedal
Monica Helgøy

Politisk representant
FAU
Andre tilsette
Lærarrepresentant
Lærarrepresentant
Elevråd
Elevråd
Rektor

Ikkje til stades:

Bjørn Vetrhus,
i staden for Inger Lise Riveland

FAU

SAK 1/18

Godkjenne referat frå møte 12.12.17
Referatet blei godkjent utan kommentar.

SAK 2/18

Plan for heim-skule samarbeidet
SU inviterast til vedtak
- I planen står at det skal haldast skulefest i februar kvart år. FAU og skuleleiing foreslår at det endrast til skulefest i februar kvart oddetalsår.
- I planen står det at Olweus-undersøking skal haldast i april. Rektor foreslår at dette endrast til elevundersøking skal haldast i april.
Forslaga blei einstemmig vedtatt.

SAK 3/18

Skuleruta 2018/2019
SU inviterast til vedtak
Utdanningsforbundet har foreslått ei anna skulerute enn den som er vedtatt for Sandnesskulen.
Skuleruta frå Sandnesskulen blei vedtatt med 5 mot 2 stemmer.

SAK 13/17

Ranselpost. Elevrådsrepresentantane melder om at 10. klasse var positive til ranselpost frå registrerte lag i Forsand, mens 9. klasse ynsker digital informasjon. FAU meiner at ranselpost kan delast ut ein gong per halvår, som felles utdeling. Rektor og skulen si plangruppe opnar for utlevering av ranselpost ein gong per halvår, med frist 01.september og 01. februar.

SAK 14/17

Kakesalg på skulen. Leiinga fekk saka frå SU etter sist møte, og har fatta vedtak om at skulen følger gratisprinsippet; ingen skal selje kaker eller anna mat til elevane i skuletida.

SAK 4/18

Eventuelt:

Kan Forsand bli ein leksefri skule (unntatt frå lesing)?

Saka tas til drøfting i SU.

Leksefri skule har blitt drøfta i avdelingane. Det er ulikt syn på leksefri i SU, men einigheit om at leselekser uansett må gis. Lærarane som gjer lekser må vere bevisste på kva som blir gitt av lekser, og kvifor. Skulen må og ta stilling til om det skal opnast for lekser på SFO til hausten når småskulen får 3 korte dagar, eller om leksehjelpe skal utvidast.

Neste dato for SU-møte: måndag 28.05 kl 18:00 – 19:00